



Bente Gullaksen-Vik  
Nesbakken 40B  
5114 TERTNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2785 - 16/23173

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
07.12.2016

## Godkjenning- Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett, oppføring av naust, GBNR 37/57

**Administrativt vedtak. Saknr: 415/2016**

### **SAKSUTGREIING:**

#### Tiltak:

Bente Gullaksen-Vik har søkt om løyve til oppføring av naust med samla bruksareal (BRA) opplyst til å vera ca. 40 m<sup>2</sup> og samla bebygd areal (BYA) opplyst til å vera 40 m<sup>2</sup> på gbnr 37/57 på Ådland i Meland kommune.

Eigedommen er i matrikkelen opplyst med eit samla areal på 76,9 m<sup>2</sup>, eigedommen ligg i kommuneplanen sin arealdel (KPA) som framtidig naustområde NA\_20. Tiltaket er i tråd med arealformålet.

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 18.11.2016.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 13.11.2016 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje kome merknader til varselet, og naboar har samtykka til tiltaket. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg, jf. pbl § 21 - 3.

### **VURDERING:**

#### Lov- og plangrunnlag:

Oppføring av naust er tiltak etter pbl § 20-1 bokstav a), og er søknadspiktig etter pbl § 20-2. Sidan naustet ikkje skal ha bebygd areal på over 50 m<sup>2</sup>, er det eit mindre tiltak etter byggesaksforskrifta (SAK10) § 3-1 bokstav a), som tiltakshavar kan søkje om på eiga hand, jf. pbl § 20-4 bokstav a).

Den omsøkte egedomen, gbnr 37/57, er godkjend frådelt i administrativt vedtak 159/2016 og ligg i kommuneplanen sin arealdel (KPA) som framtidig naust (NA\_20). I følgje tab. 6 i føresegn 2.1.5 til KPA kan det førast opp 3 naust i området. Omsøkt tiltak er i samsvar med arealføremålet i KPA og tal tillate oppførte naust.

Når det gjeld utforming av naust følgjer det av føresegn 1.6.14 pkt. 7 til KPA at naust kan ha bruksareal på inntil 40 m<sup>2</sup> og eit eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal. Knevegg på loft er ikkje tillate, og mønehøgda kan vere inntil 5 m målt frå gjennomsnittleg planert terreng. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av bruksarealet, og altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillate. Naust skal i tillegg ha saltak med ein takvinkel på mellom 35 og 45 grader.

Omsøkte naust har ein storleik på BRA 40 m<sup>2</sup>. Loftsrom har ikkje måleverdig areal og mønehøgda overstig ikkje 5 meter målt frå gjennomsnittleg planert terreng. Vindaugsarealet si dagslysflate overstig ikkje 3% av BRA og nausta vil ha saltak med ein takvinkel på 45 grader.

#### Utforming, utsjånad, plassering, høgde og avstand til nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagt situasjonsplan journalført motteke 18.11.2016. Tiltaket skal i tillegg utformast i samsvar med vedlagte plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 18.11.2016.

Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket med dette stettar krava i plan- og bygningslova til utforming, funksjon og utsjånad, jf pbl §§ 29-1 – 29-2, og kommuneplan føresegn 1.6.14.

#### Parkering:

Det følgjer av *Tab. 4 –Krav til parkering* i § 1.6.9 i kommuneplanen sine føresegner at naust skal ha parkeringsdekning for 1 bil. Parkeringskravet er dekkja gjennom avtale med gbnr 37/4, jf. administrativt vedtak 159/2016.

#### **VEDTAK:**

«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1 a og 20-4 e) løyve til oppføring av naust på 40 m<sup>2</sup> på gbnr 37/57 i naustområde NA\_20 i Meland kommune, jf søknad journalført 18.11.2016. Grunngjevinga går fram av saksugreinga og vurderinga ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaket skal vere som vist på vedlagt situasjonskart, plan-, snitt og fasadeteikningar journalført motteke 18.11.2016.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyve vekk. Det same gjeld dersom tiltaka vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaka skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga eller gjennom tidlegare godkjenning».

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Teikningar

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett GBNR 37/57

**Mottakere:**

Bente Gullaksen-Vik

Nesbakken 40B 5114

TERTNES